



Gaular kommune

Etaten for Landbruk/næring og teknisk

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

Jfr.

Saksnr.	Arkivkode	Journalnr.	Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
13/244	FA-L00, TI-&13	13/1855		LHO	06.03.2013

Høyring - Forslag om innskrenking i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering

Plan og utvikling, landbruk/næring og teknisk har i møte 04.03.2013 handsama sak ”Høyring - Forslag om innskrenking i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering” der vart det gjort slik tilråding/vedtak:

Tilråding til vedtak:

Det vert vist til høyringsbev datert 23.01.2013 og e – post 14.02.2013 frå Landbruks – og matdepartementet med forslag om innskrenking i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering.

Gaular kommune ved Plan og utvikling, landbruk/næring og teknisk gjev slik uttale til høyringsnotatet:

Det er ofte slik som departementet peikar på, at det fyrst og fremst er dei som er oppvaksen på garden som har ein slik tilknyting til landbrukseigedommen at det kan forsvarast å gje løysingsrett. Likevel kan søskenbarn ha ei sterk tilknyting til garden der familietilhøva tilseier det. Gaular kommune meiner likevel at innskrenking av odelsretten kan forsvarast fordi det mest truleg vil føre til at fleire landbrukseigedommar vert lagt ut for sal, slik at nye krefter får sleppe til. Odelsretten bør også gjelde for barnebarn av siste eigar, slik det er føreslått. Gaular kommune støttar forslaget om å innskrenke odelsretten.

Departementet har føreslått å gjere endringar i jordlova § 12 mellom anna med tanke for at det skal verte lettare å dele frå tilleggsjord. Då burde det og vere mogleg for kjøpar å søkje om odelsfrigjering dersom ein med odelsrett går til søksmål for å overta dette arealet, særleg dersom den som går til søksmål ikkje har planar om busetjing eller drift. Gaular kommune støttar ikkje forslaget om å oppheve reglane i odelslova § 31.

Handsaming i Plan og utvikling landbruk næring og teknisk 04.03.2013:

Postadresse	Telefon: 57718521	Bankgiro: 37600700279
Vadheimsvegen 15	Telefaks: 57718501	Org.nr: 963 923 988
6973 SANDE I SUNNFJORD	E-post: postmottak@gaular.kommune.no	

Linn Hovlandsdal møtte og svarte på spørsmål i saka.

PLU-010/13 Vedtak:

Det vert vist til høyringsbev datert 23.01.2013 og e – post 14.02.2013 frå Landbruks – og matdepartementet med forslag om innskrenking i odelskresten og endringar i reglane om odelsfrigjering.

Gaular kommune ved Plan og utvikling, landbruk/næring og teknisk gjev slik uttale til høyringsnotatet:

Det er ofte slik som departementet peikar på, at det fyrst og fremst er dei som er oppvaksen på garden som har ein slik tilknyting til landbrukseigedommen at det kan forsvarast å gje løysingsrett. Likevel kan søskenbarn ha ei sterk tilknyting til garden der familietilhøva tilseier det. Gaular kommune meiner likevel at innskrenking av odelsretten kan forsvarast fordi det mest truleg vil føre til at fleire landbrukseigedommar vert lagt ut for sal, slik at nye krefter får sleppe til. Odelsretten bør også gjelde for barnebarn av siste eigar, slik det er føreslått. Gaular kommune støttar forslaget om å innskrenke odelsretten.

Departementet har føreslått å gjere endringar i jordlova § 12 mellom anna med tanke for at det skal verte lettare å dele frå tilleggsjord. Då burde det og vere mogleg for kjøpar å søkje om odelsfrigjering dersom ein med odelsrett går til søksmål for å overta dette arealet, særleg dersom den som går til søksmål ikkje har planar om busetjing eller drift. Gaular kommune støttar ikkje forslaget om å oppheve reglane i odelslova § 31.

Med helsing

Kjell Navelsaker
etatsjef

Linn Hovlandsdal
fagkonsulent landbruk